

NOTAT

Synspunkt på konsulentrapport "Okla vindpark - Tilleggsutredninger. Fugl og naturtyper" (2013-06-24)

Under sluttmøtet for Okla vindkraftverk 26.9.13 blei det lagt fram ein rapport med tilleggsutgreingar om fugl og naturtypar, som var blitt utarbeidd i løpet av året. Rapporten var ukjent for Fylkesmannen, og vi takkar derfor for høvet til å kome med synspunkt på den.

Feltarbeid i samband med rapporten er gjennomført av XXXXX og YYYYY når det gjeld fugl, og ZZZZ og YYYYY når det gjeld naturtypar. Rapporten ser ut til å vere skriven av XXXXX og YYYYY, med fagkontroll av ZZZZ.

XXXXX har ein mastergrad i naturforvaltning frå UMB/Ås 2011. Masteroppgåva dreier seg ifølgje nettsida til konsulentfirmaet om konkurransetilhøvet mellom laks og sjørøye i ei elv i Finnmark. Graden bestod elles av hovedkurs i miljø- og reguleringsrett, naturbasert reiseliv, forvaltning av ferskvannsfisk og viltforvaltning.

ZZZZ er naturforvaltar frå Ås, 1996. Han har ifølgje konsulentfirmaet si nettside høg kompetanse innan naturvern, vilt og fisk. Det går fram at det viktigaste fagfeltet har vore arbeid med EU sitt vassdirektiv (karakteriseringsarbeid), fagdatabasar knytt til vatn, og forureiningsrekneskap. Når det gjeld naturtypekartlegging blir det på heimesidene gitt tre døme på tidlegare arbeid: "Vurdering av naturverdier på næringsareal/strandtomt på Nøtterøy (2006), Biologisk mangfold Hof kommune (2004), Biologisk mangfold rundt Gjønnsvannet (2004)".

YYYYY er etter det eg forstod (spørsmål til ZZZZ under møtet i Selje) student på Ås.

Fugl

Rapporten frå konsulentfirmaet fastslår i del 2.1. at det spesielt er kunnskapen om rovfugl og deira bruk av influensområdet som tidlegare har vore mangelfull. Dette kan eg ikkje sjå er rett; tvert om er det førekomst av rovfuglar vi har mest detaljert kunnskap om i dette området. Tilleggskrava framsett av NVE nemner ikkje rovfugl spesielt. Kvifor konsulentfirmaet har valt å fokusere på rovfugl er derfor uklårt, særleg ettersom det står på side 17 at "Bestanden av kongeørn og havørn synes å være stabil på Stad, og den er godt kartlagt (Folkestad pers. medd.)." Etter ei rask gjennomlesing kan eg da heller ikkje sjå at det kjem fram noko nytt om rovfuglane i området. Det er godt kjent at rovfuglar som er tilpassa glideflukt på oppstigande luft frå oppvarminga av landmassar nødvendigvis må glidefly inne over land med jamne mellomrom, og at trafikken mellom hekke- og næringsområde ved Stad i stor grad må gå over land (og ikkje lange omvegar langs kyststripa).

Det eg gjerne skulle sett meir data om, og som også hadde vore meir i tråd med NVE sine tilleggskrav, hadde vore ei kvantifisering av hekkande fuglar i plan- og influensområdet, gjennomført som linje- eller flatetaksering gjennom dei tre dagane som blei brukt i området. Ein hadde da i større grad kunne kartfeste funn av hekkelokaliteter, trekkruiter og fødeområder for rødlistede arter og ansvarsarter, som det står formulert i tilleggskrava frå NVE. Det mest interessante som kjem fram om fugl i influensområdet er førekomst av den raudlista sanglerka "i forholdsvis stort antall", og at det

blei registrert eit sangsvanepar i Sævatnet. Dessverre er ikkje tal sanglerker kvantifisert, noko ein kunne ha oppnådd gjennom ei enkel taksering. Da kunne ein også kartlagt fordelinga av hekketerritorium, og funne ut om desse er konsentrerte til planområdet eller om arten hekkar jamt fordelt over eit større område. Arten er klassifisert som sårbar (VU) på raudlista på grunn av sterk tilbakegang, og er i Sogn og Fjordane dei siste ti åra ifølgje Artskart berre registrert syngande i tre hovudområde (Stad, Værlandet/Bulandet og Vangsnes) med enkeltobservasjonar frå tre andre stader.

Det temaet som i utgangspunktet hadde størst behov for meir informasjon er fugletrekk. På dette feltet bringer rapporten ikkje noko nytt, tvert om finn eg det svært foruroligande at det på side 19 står at *"det blir bekreftet at fugl kan trekke over land"*. Fylkesmannen har i uttaler til ulike vindkraftundersøkingar fleire gonger påpeikt det underlege i at det i delar av konsulentmiljøet ser ut til å herske ei oppfatning om at trekkfuglar i utgangspunktet flyg over sjøen. Kva denne oppfatninga skriv seg frå veit eg ikkje, men logisk sett er dette å snu ting på hovudet. Sjøfuglar og mange vadarar flyg over sjøen under trekket, men dei store mengdane av trekkfuglar held seg over land så sant dei ikkje må passere ope hav eller sund for å kome vidare. Midt på side 19 blir det sett fram ein etter mitt syn direkte villeiande påstand: *"Mesteparten av fugletrekket over Stad, og da spesielt sjøfugl, trekker imidlertid langs eller nær sjøen på vestsiden av Stadlandet og således noen kilometer unna det omsøkte planområdet."* For sjøfugl er dette rett, men for trekkfuglar generelt er påstanden basert på manglande fagkunnskap, presentert som om det skulle vere fakta.

Som nemnt på møtet finst det mye generell kunnskap om trekkfuglar og fugletrekk (korleis dei finn fram, korleis trekket blir påverka av vértilhøve, når på døgnet dei flyg osv.) men lite konkret kunnskap om sjølve trekkleiene i Noreg. Eg meiner likevel at vi ut frå den generelle kunnskapen kan utleie ein heil del. At fuglane (særleg under det omfattande hausttrekket, da årets produksjon av ungfuglar frå Nord-Skandinavia og Kola skal sørover) unngår å fly over ope hav; at dei samtidig har energimessige avgrensingar og unngår altfor store omvegar, at dei (i alle fall på direktetrekk) sparar energi ved halde seg i relativt jamn høgde, og t.d. at dei under nattrekk orienterer seg etter lyden av brenningar frå kysten i tillegg til ei heil rekke andre orienterings- og navigeringssystem.

Eg finn ut frå slike betraktningar lite hald i påstanden (også side 19) om at *"Planområdet er trolig av de mindre viktige områdene på Stad for trekkende fugl, da området er plassert godt inne på halvøya samt beliggende oppe på et fjellplatå."* Tvert om er det, ut frå momenta ovanfor, sannsynleg at ein god del av trekket går over akkurat dette området. Det vil gjelde dei fuglane som kjem inn i retning frå ytre Sunnmøre over til Stadlandet. Desse vil skjere tvers over planområdet i retning Fure, der dei har kortaste vegen over til Vågsøya i sør. Alternativet er å bøye av sørover, og følgje Stadlandet sørover før trekket held fram mot sørvest i retning Bremangerlandet og ytre Flora. Kor mange trekkfuglar som gjer det eine eller det andre er ukjent, men eg finn uansett inga støtte til konklusjonen om at verdien av planområdet for fugletrekk er liten til middels. At det ved Stad passerer ikkje berre sørtrekkande fuglar, men også fugl som skal over til Storbritannia, tilseier heller at området har høg verdi for fugletrekk.

Naturtypar

Lokalitetar med prioriterte naturtypar i området blei avgrensa av Jon Bjarne Jordal (2005). Vi hadde som eit ankepunkt mot Jordal si undersøking at den var gjort i slutten av september, og at fleire

plantartar da vanskeleg kunne påvisast. Sjølve avgrensinga av naturtypelokalitetane har vi derimot ikkje merknader til, og reknar med at dette er gjort tilfredsstillande ettersom Jordal er anerkjent som ein av dei beste i landet innanfor fagfeltet naturtypekartlegging. Jordal sine omtalar av lokalitetane i området er da også tatt direkte inn i den oppdaterte naturtypekartlegginga for Selje kommune (Dag Holtan, 2012) og vil såleis også hamne i Miljødirektoratet sin Naturbase når Fylkesmannen har fått gjennomført den tekniske tilrettelegginga for innlegging i Naturbasen.

Jordal sine lokalitetar 4 og 5, terrengdekkande myr, overlappar med planområdet i øvre del. Terrengdekkande myr er ein sjeldan naturtype som Noreg har eit spesielt ansvar for, og den er klassifisert (kalt kystnedbørsmyr) som sårbar (VU) i raudlista for naturtypar. Jordal har gitt sin lokalitet 4 verdi A, og lokalitet 5 verdi B etter DN-handbok 13. Av den nye rapporten går det fram at hovudgrunnlaget for verdisetjinga er at områda er sterkt påverka av torvuttak, og at dei derfor ikkje får anna enn *liten verdi*. Om begge står det at *"Myrområdet er ikke intakt og innehar derfor ikke lokal verdi."* Bruken av omgrepet lokal verdi viser truleg til DN-handbok 13, der lokal verdi tilsvarer verdi C. Det ser med andre ord ut til at konsulentfirmaet meiner at desse myrområda ikkje eingang er av lokal verdi etter DN-handbok 13. Dette er ikkje ei rett vurdering, da det berre er for å få A-verdi at området må vere intakt. Med "mindre eller moderat menneskeleg påverknad" kvalifiserer terrengdekkande myr minst til verdi B (under nokre omstende også A). Med større inngrep kan dei få verdi C.

Kor påverka er så eigentleg dei to nemnte lokalitetane? Om lokalitet 5 seier Jordal (2005) dette: *"Dette er en mindre lokalitet med terrengdekkende myr og atlantisk høgmyr (oseaniske nedbørsmyrer). Lokaliteten er bare undersøkt i sørkant ved Kjødsnosa, og inneholder lignende vegetasjon og artsinventar som de andre tilsvarende myrene i området. Det er trolig tatt en del torv tidligere."* Han vurderer under tvil verdien til B (i staden for A).

Om lokalitet 4 skriv Jordal dette: *"I tidligere tider foregikk torvtekt til brensel, og det finnes rester av torvveg opp fra Borgundvågen og torvløer (Fremstad et al. 1991). Sporene etter torvtekten viskes langsomt ut med tida, og området har i dag et visuelt preg av et nokså urørt naturområde."* Verdien av lokaliteten set Jordal til A, med denne grunngjevinga: *"Stad er et av de viktigste områdene for terrengdekkende myr i Norge. Dette myrkomplekset er stort, velutviklet og variert, med elementer fra også andre myrtyper (høgmyr, planmyr, intermediære bakkemyrer m.m.). Området var med i kystlyngheirrapporten til Fremstad et al (1991) som skriver følgende (gjelder nesten hele vindparkområdet): "Området har større verdi som myrområde enn som heiområde i streng mening." Moen & Olsen (1983) vurderte Breidemyra som verneverdig, men Dekkjene ble vurdert å ha høyere verdi og derfor prioritert i vernesammenheng"."*

Jordal vurderer tydelegvis inngrepa frå tidlegare torvuttak som små, og knapt synlege i lokalitet 4, mens forfattarane av den nye rapporten meiner at det same området er så påverka av torvuttak at det er heilt utan verdi. **Desse synspunkta er så ulike at dei ikkje kan vere baserte på same kunnskapsgrunnlag.**

Eg har studert Norge i bilder og flyfoto frå området, og kan sjå at det har blitt drive torvuttak i den sørlege, nedre delen av Jordal sin lokalitet 4. Bygningar, truleg torvhus, er også synlege på eldre flyfoto. Den nye rapporten viser til Moen og Olsen (1983) når det gjeld status i høve til torvuttak, men omtalen til Moen og Olsen dreier seg om Breidemyra, med oppgitt høgde over havet 300 m .

Dette dreier seg med andre ord om dei nedre delane av Jordal sin lokalitet 4. Øvre delar av dei terrengdekkande myrane ser derimot ganske upåverka ut, men sjølvsagt med talrike nedskjeringar etter vannsig (nedbør). Dette er resultat av naturlege prosessar i myra si utvikling, og kan gjenkjennast på at "skjeringane" følgjer hellinga i terrenget (i motsetnad til spor etter torvuttak, som vil skjere både på langs og på tvers). Min kollega Johannes Anonby, som på vegne av Miljødirektoratet har ansvaret for å utarbeide faggrunnlaget for terrengdekkande myr som utvald naturtype, vurderer dei terrengdekkande myrene mellom Gnullane og Kyrnosa som eit fint typeområde, med komplett gradient frå toppen (med overgang til lynghei) og ned. Dei øvre områda ser intakte ut, mens arealet lenger ned i dalen (grønare på flyfoto) ber preg av tidlegare torvuttak.

Eg lurar derfor på om konsulentane rett og slett har forveksla dei naturlege prosessane i torvmyra (vannsig) med torvuttak. Det må understrekast at vi ikkje har sjekka terrenget, men ein slik konklusjon verkar sannsynleg, vurdert frå flyfoto der vi tydeleg kan sjå korleis rennene i terrenget følgjer hellinga nedover. Jordal (2005) skriv dessutan på side 50 at "*Stadlandet har noen av de viktigste områdene med terrengdekkende myr i Norge, en myrtype som er regnet som direkte truet. Nedre deler er oftest påvirket av torvtekt, mens øvre deler er intakte.*"

Det bør uansett nemnast her at Moen og Olsen, som den nye rapporten viser til, trass i inngrep rangerer Breidemyra som det tredje mest verneverdige myrområdet i Selje. Å karakterisere den terrengdekkande myra ved/i planområdet som "utan verdi" synast dermed meningslaust under alle omstende.

Om lynghei seier den nye rapporten m.a. dette (side 26): "*Både områdene P1, P3, og P4 består delvis av vegetasjonstyper som sorterer under kystlynghei i Fremstad (1997) og således er kategorisert som sterkt truet (EN) i rødlista for naturtyper (Lindgaard og Henriksen 2011). Det er likevel tvilsomt om de kan verdisettes særlig høyt, da de representerer utforminger som med unntak av noe beite ikke ser ut til å være i hevd. Disse typene utforminger er også svært utbredt i de mest oseaniske delene av Vestlandet.*" Kystlynghei er ein menneskeskapt naturtype, og er derfor av dei naturtypene som det er lettast å gjenskape dersom dei har gått ut av bruk og begynner å gro igjen. At ein lokalitet ikkje ser ut til å vere i hevd, er dermed ikkje eit godt argument for å avskrive akkurat denne delen av eit stort og samanhengande område av nasjonal verdi. Hadde lyngheia vore heilt gjengrodd med skog, hadde det vore ein annan sak, men det er ikkje tilfelle her. At lynghei er utbreidd i dei mest oseaniske delane av Vestlandet er etter mitt syn heller ikkje eit godt argument for å nedskrive verdien. Det finst svært få samanhengande og relativt intakte lyngheiområde av den storleiken som planområdet utgjer ein del av, og dette tilseier etter DN-handbok 13 høg verdi ("større helhetlige kulturlandskap").

Konklusjonar

Fugl

- Dei sidene om fuglelivet som har fått mest fokus i rapporten (rovfugl), er dei vi visste mest om i utgangspunktet.
- Førekomsten av andre fuglar i plan- og influensområdet er ikkje kartlagt. Det er opplyst kva artar som blei observerte, men tal fuglar er berre unntaksvis oppgitt, og rapporten gir ingen kartfesting av førekomstane med tilhøyrande vurdering av tal hekketerritorium.
- Funn av ein sårbar art (VU) er berre oppgitt som påvist "i forholdsvis stort antall". Det er ikkje klarlagt i kva grad arten er knytt spesielt til planområdet, eller om den finst hekkande i eit langt større areal og såleis vil bli mindre påverka av ei utbygging.
- Vurderingane om fugletrekket i området tilfører lite nytt, og det som blir lagt fram er farga av mistydingar om at fugletrekk i utgangspunktet går over sjø. Det er gjort ein gjennomgang av litteratur om vindkraft og fugletrekk, men her er det nok ein gang fokus på sjøfuglar.

Nokre kommentarar til eit utdrag frå konsekvensvurderinga for fugletrekk på side 32:

- "Samtidig har utenlandske studier vist at flere av de aktuelle fuglegruppene viser unnvikelsesadferd og således vinkler av før de passerer vindparkområdet". Dei studiane det blir vist til her, gjeld så vidt eg kan sjå alle for sjøfuglar og havvinnanlegg.

- "I dårlig vær er det opplyst at trekkende fugl gjerne benytter forsenkningene i terrenget. Slike forsenkninger blir fort flaskehals, men samtlige turbiner er plassert på høydedrag og ingen av de planlagte turbinpunktene framstår som «problemturbiner» i så måte." Opplysninga om bruk av forseinkingar i terrenget skriv seg frå Jordal (2005), som på si side spekulerar omkring emnet. Men om det er slik at fuglane følgjer forseinkingar i terrenget i dårleg vær, betyr ikkje dette at vindmøllene er problemfrie under meir normale vértilhøve. Tvert om vil eg påstå det er sannsynleg at hausttrekkande fuglar på veg nedover den ytre Sunnmørskysten passerer akkurat over planområdet. Orienteringa av vindmøllene aust-vest skaper i så fall ein plasseringsmessig maksimal barriereeffekt.

- "Av fugl som er kjent at trekker over land og som trolig kan trekke gjennom vindparkområdet er mindre fugl som spurvefugl. Spurvefugl har vist å ha svært lav kollisjonsrate ved passering av vindkraftverk, og angående kollisjonsrisiko for spurvefugl er trolig utenlandske studier relativt godt overførbare til norske forhold." Noko av det ein best kjenner til om spurvefuglar i denne samanhengen er at dei ikkje blir liggande lenge i terrenget etter at dei er daude, og at det derfor er svært vanskeleg å få gode data om kollisjonsomfang (til og med for så store fuglar som havørn har det vore eit problem at åtseletarar fjernar daude fuglar raskt og effektivt). At ein har funne få vindmølledrepne spurvefuglar betyr med andre ord ikkje at det er få kollisjonar. Undersøkingane på Smøla tyder på at daude fuglar forsvinn svært raskt, gjerne i løpet av ein dag.

- "Større arter som for eksempel skarv og gjess vil ha en høyere kollisjonsrisiko, men vindparkområdet har høyst sannsynlig ingen viktig funksjon som trekkområde for disse artene." Spekulasjon på svakt grunnlag om trekkområde, men i godt vær vil nok desse fuglane fly høgare enn vindmøllene kan nå (dersom dei ikkje rastar i regionen rundt, og derfor kjem inn i området i lågare høgde).

Naturtypar

- Nye konklusjonar om verdien av terrengdekkande myr i området ser ut til å kunne bygge på manglande kompetanse om utforminga av denne myrtypen (at naturlege nedbørskanalar og sig i myra er forveksla med spor etter torvuttak). Ein lokalitet som av kompetente kartleggjarar tidlegare hhv. er karakterisert som verneverdig og gitt verdi Svært Viktig, har dermed blitt karakterisert som utan verdi.
- Manglande funn av den karakteristiske hinnebregna i lokaliteten Storelva tyder på at konsulentane har hatt avgrensa botanisk kompetanse. Jordal fann både hinnebregne og fleire kravfulle oseaniske moseartar som ikkje er omtalte i den nye kartlegginga.
- Lokalitetar med prioriterte naturtypar i plan- og influensområdet var i utgangspunktet godt kartlagde, og behovet for ekstrakartlegging var særleg knytt til å sjekke om det kunne vere interessante/sjeldne karplantar i området. Dette er gjort, men samtidig har konsulentfirmaet valt å gi ei ny verdivurdering av området berre ut frå si eiga kartlegging av blomsterplantar, og har sett heilt bort frå data frå tidlegare kartlegging med informasjon om artar utanfor eige kompetanseområde. Her skulle ein sjølv sagt ha innarbeidd resultatane frå begge kartleggingane, og verdivurdert ut frå dette.
- Det er gjennomført karakterisering og verdisetting av myr utan nødvendig kompetanse om mosar (som myr i stor grad er bygd opp av), og utan at mosefloraen er undersøkt.
- Det er brukt som eit argument for å nedklassifisere verdien av tidlegare kartlagde område at dei ikkje ligg i DN/Miljødirektoratet sin Naturbase (del 3.2.2., lokalitet nr 1). Grunnen til at omtalte lokalitet ikkje ligg i Naturbasen, er at Fylkesmannen har manglande kapasitet til å få lagt inn "ekstralokalitetar" som kjem inn på sida av dei vanlege (årlege, kommunevise) kartleggingsprosjekta.

For naturtypar kan det dermed sjå ut til at den nye kartlegginga er meir villeiande enn avklarande. Ein har sett heilt vekk frå tidlegare kartlegging, og basert verdivurdering berre på eiga synfaring trass i at kompetansen tydelegvis ikkje har vore brei nok til å kunne gjennomføre ei slik verdivurdering.

Tore Larsen
Leikanger, 30.9.2013

Flyfoto som viser strukturen i den terrengdekkande myra mellom Gnullane og Kyrnosa. Ei samanlikning med kartet under viser at "skjeringane" i myra heile tida følgjer hellinga i terrenget, og at dei i hovudsak må vere resultat av nedbørsavrenning. Dei store grønne partia nedst til høgre kan derimot vere resultat av torvskjering.

